

## Læreplan i Vg3 dyrefaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 6. mai 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 dyrefaget handlar om å drive næring med opplevingar, tenester og produkt knytte til dyr og dyrehald, utanfor tradisjonell landbruksproduksjon. Faget skal førebu lærlingane på å levere kvalitet til oppdragsgivarar og kundar, og gi sikkerheit for dyrevelferd og folkehelse. Faget skal vidare gi samfunnet tilgang på tenester og produkt som dekkjer behov hos alt frå private dyrehald til viktige samfunnsfunksjonar med dyr. Faget skal òg utdanne omstillingsdyktige lærlingar som dekkjer behovet dyrenæringa har for kompetent arbeidskraft, og som møter krav forvaltninga stiller til kompetanse i arbeid med dyr.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 dyrefaget skal bidra til å utvikle engasjerte lærlingar som møter natur, dyr og menneske med respekt, forståing og etisk medvit. Faget skal bidra til å utvikle nysgjerrige lærlingar som ser moglegheiter for samarbeid, verdiskaping og nytenking i dyrefaget. Faget skal òg bidra til kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om betydninga av trepartssamarbeidet, der arbeidsgivarar, arbeidstakarar og styresmakter jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv.

### Kjerneelement

#### Dyrevelferd og dyrehelse

Kjerneelementet dyrevelferd og dyrehelse handlar om respekt for dyr, dei individuelle behova og eigenverdien til dyret og om artskunnskap, biologi og åtferd. Det handlar om val som fremjar helse og velferd, førebyggjer helse- og åtferdsproblem og legg til rette for at dyr opplever meistring av eige miljø. Kjerneelementet handlar òg om samspel mellom dyr og menneske, formidling til og rettleiing av ulike målgrupper og samarbeid med ulike aktørar med dyrefagleg kompetanse. Kjerneelementet handlar vidare om samanhengen mellom dyrevelferd og forvaltning, regelverk, folkehelse og behova i næringa.

#### Dyr i næring

Kjerneelementet dyr i næring handlar om å drive næring som dekkjer behova hos alt frå private dyrehaldarar til viktige samfunnsfunksjonar med dyr. Kjerneelementet handlar òg om opplevingar, tenester og produkt til oppdragsgivarar og kundar med dyr og dyrehald for nytte og trivsel. Det inneber å drifte og halde ved like, å kommunisere, å yte kundeservice, å samarbeide og å ta omsyn til krav og forventningar i dyrenæringane. Vidare

handlar kjerneelementet om å tilpasse leveransane til marknaden og om å skape verdiar, utvikling og lønnsemd i dyrenæringane.

## Sikkerheit og kvalitet

Kjerneelementet sikkerheit og kvalitet handlar om å ta vare på helsa og sikkerheita til menneske og dyr. Det handlar om rutinar, førstehjelp og førebyggjande arbeid i handtering av levande dyr. Vidare handlar kjerneelementet om å kvalitetssikre verksemda, om smittevern og hygiene og om standardar og regelverk som sikrar kvaliteten på prosessar og produkt. Sikkerheit og kvalitet handlar òg om eiga rolle i eit arbeidsmiljø og om samarbeid med fagpersonar, tilsynsmyndigheiter og forvaltning.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I vg3 dyrefaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å handtere og meistre relasjonar mellom menneske, og mellom menneske og dyr. Det handlar om å kommunisere med kundar, kollegaer og andre yrkesgrupper. Det handlar òg om å vareta sikkerheita for seg sjølv og andre gjennom kunnskap om smittevern, risikovurdering og sikker handtering av dyr.

### Berekraftig utvikling

I vg3 dyrefaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om kompetanse til å gjere ansvarlege, etiske og miljøbevisste val av tenester, produkt og aktivitetar knytte til dyr. Vidare handlar det om å reflektere over ressursbruk og om natur- og klimaavtrykket av eigen næringspraksis.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 dyrefaget inneber å lytte, forstå, formidle og rettleie og å tilpasse språket til målgruppe og situasjon. Det inneber å nytte fagomgrep i drøfting av og refleksjon over faglege emne og å kommunisere med kollegaer, samarbeidspartnarar, oppdragsgivarar og kundar. Vidare inneber det å tileigne seg og formidle kompetanse, å forklare og grunngi val, å diskutere forslag og løysingar og å reflektere over og vurdere eige arbeid.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 dyrefaget inneber å planleggje, presentere og utveksle informasjon, å rapportere og dokumentere arbeid og å meistre sjangrar som blir nytta i yrkesutøvinga. Det inneber vidare å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å bruke kjelder på ein kritisk måte som

lar seg etterprøve. Det inneber òg å bruke fagspråk for å utforme tekstar tilpassa målgruppa.

## Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 dyrefaget inneber å finne, vurdere og tileigne seg informasjon i trykte og digitale ressursar og å bruke denne informasjonen i praktisk arbeid, tenesteyting eller produksjonsprosessar. Dette inneber å tolke, forstå og bruke brukarretteiingar, kvalitetssystem, faglitteratur, diagnostiske verktøy og journalar på ein sjølvstendig måte. Det inneber òg å orientere seg i gjeldande regelverk og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 dyrefaget inneber å hente inn informasjon i form av tal og tekst, strukturere informasjonen og nytte han i utrekningar og drifts- og økonomistyring. Det inneber å måle økonomiske, biologiske, kjemiske og fysiske parametrar. Vidare inneber det å tolke nøkkeltal, å rekne med ulike måleiningar og å bruke ulike grunnleggjande rekneoperasjonar. Det inneber òg å tolke statistisk materiale, diagram og tabellar og å lage enkle statistiske framstillingar.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 dyrefaget inneber å nytte digitale ressursar i yrkesutøvinga til å presentere, dokumentere, kommunisere, planleggje, hente inn og utveksle informasjon. Det inneber òg å vurdere personvern og datasikkerheit. Vidare inneber det å bruke relevant teknologisk utstyr til drift, verdiskaping og næringsutvikling. Dessutan inneber det å vurdere kjelder kritisk, utvikle etisk medvit og å vise digital dømmekraft.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering vg3 dyrefaget

### Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje, vurdere, gjennomføre og dokumentere arbeidsoppgåver i dyrenæringar
- tilby tenester og produkt retta mot målgrupper i dyrenæringar
- drifte og halde ved like dyreanlegg, lokale og innreiing

- vurdere, selektere, trene og førebu dyr for ulike miljø, bruksområde og aktiviteter
- vurdere og gjennomføre stell, fôring og pleie av dyr
- vurdere faktorar som påverkar prestasjonar, helse og åtferd til dyr
- vurdere, utføre og grunngi tiltak som fremjar prestasjonar, helse og velferd til dyr, og som førebyggjer helse- og åtferdsproblem
- vurdere, utføre og grunngi tiltak ved sjukdom og skade på dyr i samarbeid med andre yrkesgrupper, vurdere skadeomfang og utføre førstehjelp på dyr og menneske
- handtere redde og aggressive dyr på ein måte som varetek sikkerheit, dyrevelferd og -helse
- reflektere over og nytte dyrevelferdsindikatorar og prinsippet om minste inngrep
- observere og beskrive artstypiske og individuelle behov, allmenntilstand og helse- og åtferdsavvik
- nytte journalar og andre dokumentasjonsverktøy i dyrenæringar etter gjeldande standardar og regelverk
- nytte diagnostiske og yrkesrelevante verktøy og metodar i dyrenæringar
- gjere greie for faktorar som påverkar økonomi, kundetilfredsheit, arbeidsmiljø og kvalitet, og gjennomføre og grunngi forbetringstiltak
- arbeide på ein sikker måte, vurdere risiko og setje i verk tiltak for å redusere risiko
- avdekkje behova til kunden og grunngi anbefalingar
- kommunisere med og rettleie ulike målgrupper i dyrefaglege tema og yte profesjonell kundeservice
- leggje til rette miljø, trening og rettleiing for godt samspel mellom dyr og menneske
- velje, nytte og tilpasse utstyr, verktøy og materiale, og utføre vedlikehald
- arbeide i samsvar med og grunngi smittevern og hygieniske og ergonomiske prinsipp
- arbeide i samsvar med rutinar, kvalitetssystem, standardar, regelverk og forvaltningskrav, og beskrive offentlege forvaltningsorgan på området
- vurdere eigen praksis og kompetanse, og samarbeide med dyrehelsepersonell og andre yrkesgrupper
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 dyrefaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 dyrefaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

## **Vurderingsordning**

### **Sluttvurdering**

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingdel.

Opplæringa i vg3 dyrefaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på tre–fem vorkedagar.